

Saksbehandlar: Helle Selseng, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 21/763-4

Interkommunal avtale - felles kulturskule

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune godkjenner avtale om felles kulturskule mellom Luster og Sogndal kommune slik den ligg føre.

Vedlegg:

Avtale om felles kulturskule
Vedtak Luster kommunestyre

SAKSFRAMSTILLING

2. Innleiing

For dei avtalane/interkommunale samarbeida der Sogndal kommune er vertskap har det over lengre tid vore drøftingar for å få på plass nye avtalar. På grunn av samanslåinga vart dei tidlegare avtalane sagt opp. Etter kommunereforma har avtalane og prinsippa som ligg til grunn vore drøfta med mål om nytt avtaleforslag. Det er gjort eit arbeid med å få alle avtalane inn i felles form og disposisjon, samt tilpassa ny kommunelov.

Vidare har det vorte lagt vekt på at det skal vere gode rapporteringsordningar for oppfølging og utvikling av alle dei ulike samarbeida. Fordelingsnøklar har vore diskutert og drøfta inngående for alle samarbeid og det er noko ulikt kva for fordelingsnøklar ein har landa på i dei ulike avtalane.

I tidlegare avtalar har det vore ulik praksis når det gjeld husleige. I nye avtaleforslag er det skissert ein felles sats på kr 2.200,- per kvm. inkl. FDV. Ein legg vidare til grunn staten si arealnorm med 23 kvm per tilsett/kontorarbeidsplass. Når det gjeld administrasjonskostnadar har det også vore ulik praksis i dei tidlegare avtalane. Administrasjonskostnad skal dekke personal, økonomi, sak arkiv, post, osv. Det er i dei nye avtaleforslag definert til 4 % av lønsutgiftene i avtalen.

2. Bakgrunn for saka

Etter opplæringslova § 13-6 skal «*alle kommunar (...), aleine eller i samarbeid med andre kommunar, ha eit musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles*». Sidan 2017 har i praksis alle kommunane i landet eit musikk- og kulturskoletilbod, anten åleine eller som interkommunale løysingar. Kulturskulane blir eigd og drive av kommunane.

Det overordna føremålet med samarbeidet er å få gode tenester frå kulturskulen til brukarane og kommunane, med mål om større breidde og høgare kompetanse enn eigen skule i kvar kommune. Kulturskulen skal driva kulturskule og naturleg tilknytt verksemd i høve gjeldande lovverk for kulturskular. Undervisninga vert som hovudregel gitt i den kommunen eleven bur.

Samarbeidet om felles kulturskule mellom Leikanger, Luster og Sogndal kommunar vart formelt oppretta frå 1. aug. 2006. Distriktsmusikarordninga vart ein del av Kulturskulen i 2006, frå starten av det interkommunale samarbeidet

3. Vurderingar og konsekvensar

Partane i framlegget til den nye avtalen er endra frå tre til to, og prinsipp og vilkår om fordelingsnøklar som ligg til grunn i avtalen er drøfta på nytt. På bakgrunn av færre avtalepartar og ein urimeleg auke på Luster kommune ut frå tidlegare avtale, har partane blitt samde om ei fordeling av nettoutgiftene på 35 % fast del mellom deltakarkommunane, 65 % etter folketal. Dette gjeld for administrasjon og distriktsmusikarordninga.

Når det gjeld undervisningsdelen så vert dei kostnadane fordelt mellom kommunane etter elevtalet som kvar kommune disponerar/brukar.

Husleige og administrasjonskostnad er etter same prinsipp som dei andre interkommunale avtalane.

Leikanger kommune var tidlegare vertskommune for samarbeidet. I ny avtale vert dette endra til Sogndal kommune. Avtaleformularet tek også til orde for at Sogn kulturskule kan utvidast til å omfatte andre kommunar på same vilkår.

Det er i avtaleframlegget lagt opp til betre og meir forpliktande rapporteringsordningar over året og her vil det vera formelt og reelt grunnlag for å drøfta status, utfordringar og utvikling av kulturskulen. Vertskommunen skal også ha ansvaret for innkrevjing av elevpengar og eigendeler frå alle brukarane.

Deltakarkommunane skal stille tilfredsstillande lokale gratis til disposisjon for undervisninga i Sogn Kulturskule.

Det ligg ikkje føre detaljert budsjett for samarbeidet i 2021 basert på ny avtale og ny stilling.

4. Konklusjon

Med framlegget til avtale som ligg føre meiner rådmannen at me har eit godt utgangspunkt, saman med Luster kommune, for å drive og utvikle eit godt kulturskoletilbod. Det er lagt

vekt på at ein gjennom samarbeid skal oppnå eit betre fagleg grunnlag for å drive ein god kulturskule.

Sogndal kommune har gode føresetnader for å kunne fortsetje som vertskommune for tenesta og rådmannen tilrår at vedlagt samarbeidsavtale vert godkjent slik den ligg føre.